



Møteprotokoll for Eldrerådet

Møtedato: 14.06.2018
Møtestad: Møterom 1
Møtetid: 14.00 - 15.15

Møtet vart styrt av leiar Sigurd Knudsen

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 05.06.18 og møtet var kunngjort i pressa 09.05.18.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Sigurd Knudsen		Utvalsleiar
Klara Hansen		Nestleiar
Klara Mongstad		Medlem
Astrid Anne Fjeldstad		Medlem
Stian Lavik		Medlem
Erling Rønnestad		Medlem
Olaug Tveit		Medlem

Desse møtte frå administrasjonen: Ingen

Protokollfører: Randi Hilland

15. juni 2018

Sigurd Knudsen
leiar

Randi Hilland
konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
21/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
22/2018	Godkjenning av møtebok
23/2018	Referatsaker
24/2018	Aktuelle saker
25/2018	Den Internasjonale Eldredagen
26/2018	Utviding av parkeringsplass ved Eldresenteret
27/2018	Utviding av spisestova Nordgardstunet

21/2018: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

14.06.2018 ELDRERÅDET

ER - 21/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

22/2018: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok frå møte 26.04.18 vert godkjent.

14.06.2018 ELDRERÅDET

ER - 22/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Møtebok frå møte 26.04.18 vert godkjent.

23/2018: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering.

14.06.2018 ELDRERÅDET

Skriv nr. 1 vart referert. Uheldig at denne konferansen kjem på same dag som Fylkeseldrerådskonferansen i Bergen. Leiar Sigurd Knudsen vil ta det opp.

Skriv nr. 3 vart referert- Trivselsbil. Håp om at kommunen overtek drifta.

Stian Lavik refererte frå siste møte i ULK.

Erling Rønnestad refererte frå siste møte i UDU.

Klara Hansen og Sigurd Knudsen refererte frå møte med ordførar der m.a. desse sakene vart tekne opp:

- Parkeringsplass ved Eldresenteret - ikkje noko nytt i saka
- Tenesteområdeleiar kultur Eirik Utne er blitt tenesteområdeleiar i Alver kommune
- Oppstart på prosjektet undergang vegen på Holme
- Økonomien i kommunen er dårleg, må utsetje ein del investering

ER - 23/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Meldingane og orienteringane vert tekne til orientering.

24/2018: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

14.06.2018 ELDRERÅDET

Olaug Tveit:

Helselaget planlegg møte om demens 17. september på Eldresenteret der overlege frå Haraldsplass sjukehus vil orientere.

Ativitørane Christel Bratshaug og Inger Fosse Dalland frå Alversund dagsenter vil ta del.

Tenestemrådeleiar Randi R. Minde orienterte om stoda på innan pleie og omsorg:

- Ferieavvikling: Alle vaktene på sjukeheimene er stort sett dekkja inn.
Må bruke litt vikarbyrå – elles bruk av faste vikarar
Opplæring i gang med ferievikarar.
Norsk-kunnskap er heilt nødvendig.
Ingen på venteliste
Situasjonen frå nyttår og fram til no er handterleg.
- I heimetenesta er det utfordring med at det er tynt bemanna med sjukepleiarar/fagpersonar.
Utfordrande situasjon når det gjeld bemanning knytt til psykisk utviklingshemma.
Avlasting – 1 person har ikkje fått tilbod om korttidsopphald.

ER - 24/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Orienteringa vert teken til vitande.

25/2018: Den Internasjonale Eldredagen

Rådmannen sitt framlegg:

14.06.2018 ELDRERÅDET

Nytt planleggingsmøte 3. september kl. 13.00.

ER - 25/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Markering av Den Internasjonale Eldredagen 2018 vert laurdag 29. september frå kl. 12.30 - 16.00 i rådhuset på Frekhaug.

Planlagt programmet så langt:
Helselaget har kafé i kantina
Trygve Fet heldt foredrag om "Bymann og stril"
Elevar frå kulturskulen underheldt
Ordførar tek del
Pensjonistkoret underheldt
Seniordansarane underheldt
Stand - velferdsteknologi
Stand - Melandstrøya
Stand – lage enkel utanlandsk matrett

26/2018: Utviding av parkeringsplass ved Eldresenteret

Rådmannen sitt framlegg:

14.06.2018 ELDRERÅDET

ER - 26/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Eldrerådet i Meland viser til tidlegare vedtak der vi fremja forslag om utvidelse av parkeringsplass ved Eldresenteret.

Slik situasjonen er no har behovet for utvidelse vorte enda større.

Eldrerådet ber ordførar fremja denne saka som ei hastesak.

27/2018: Utviding av spisestova Nordgardstunet

Rådmannen sitt framlegg:

14.06.2018 ELDRERÅDET

ER - 27/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Behovet for utviding av spisestova avd. Nordgardstunet på sjukeheimen er no vorte større etter at dei siste 4 romma vart tekne i bruk frå hausten 2017. Mange av bebuarane brukar rullestol og dette er som kjent svært plasskrevjande.

Eldrerådet vil be ordførar fremja denne saka som ei hastesak.
